

---

**Fra:** Ingrid Didriksen  
**Sendt:** mandag 28. august 2017 15.38  
**Til:** 'Rune Fanastølen Tuft'; 'solveig.renslo@multiconsult.no'; 'baa@cowi.no'  
**Kopi:** Einar Færø; Tonje Nepstad Epland  
**Emne:** Reguleringsplan - Mangersvåg kloakkanlegg - PlanID 12602017000600  
**Vedlegg:** Plansak 12602017000600 - planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - merknad - BKK.pdf; Plansak 12602017000600 - planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - uttale - Bergen og Omland Havnevesen.pdf; Plansak 12602017000600 - planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - uttale - Fiskarlaget Vest.pdf; Plansak 12602017000600 - planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - uttale - Fiskeridirektoratet.pdf; Plansak 12602017000600 - planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - uttale - Kystverket.pdf; Plansak 12602017000600 - planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - uttale - Statens Vegvesen.pdf; Uttale frå Mattilsynet til Plansak 12602017000600 - Planendring - Mangersvåg kloakkanlegg.pdf; uttale- Oppstartsmelding - Radøy - Mangersvåg kloakkanlegg - Detaljregulering - Fylkesmannen i Hordaland.pdf

Hei,

Som avtalt vidaresendar vi innkomne merknadar, sjå vedlegg. Sidan desse kjem slutten av august så utsett vi fristen for levering av tilbud til 08.09.2017.

Sender også ein kort beskriving av korleis oppdraget skal prisast og evaluerast, og svar på innkomne spørsmål.

**Vurderingskriterier:**

1. Pris. Vekt: 70 %
2. Mogelegheit til å levere plan til første gangsutsegn ved årsskiftet 2017/2018. Oppgje leveringstidspunkt i tilbudet. Det vert tatt omsyn til om noko utforutsett skulle skje i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Vekt: 30 %

**Prising:**

Det er ønska at de kjem med ein total pris på planarbeidet fram til første gangsutsegn. Oppgje også ein timepris på ekstra arbeid som eventuelt kjem etter dette. Timepris vil også verte med i vurderingskriteriet pris.

**Svar på innkomne spørsmål:**

1. Kva er årsaka til at kommunen meiner at tiltaket er KU pliktig?

*Planen faller inn under Forskrift om konsekvensutredninger vedlegg II nr 11c, jf. § 8. Planen skal ha KU om den får vesentleg verknad for miljø og samfunn etter § 10. Type tiltak i denne planen fell inn under § 10 c, og kommunen har difor tatt høgde for at det er trong for KU. Utslepp skjer til eit sårbart sjøområde. Mogeleg at det er nok med enkel KU/ROS som inngår som del av planskildring.*

2. Dersom det skal gjerast ein KU skal det vel ut i frå regelverket lagast eit planprogram?

*Reinseanlegget har pe på under 150 000 og fell difor utanfor Forskrift om konsekvensutredninger vedlegg I, A nr 13, jf. § 8. Det vil etter kommunen si vurdering då ikkje vere krav til planprogram.*

3. Kva slags bygg skal plasserast på tomta?

*Eit mindre bygg på ca. 70 kvm med reinseanlegg av typen silanlegg.*

4. Kvifor er denne tomten valt, har der vore ein prosess i forkant med omsyn på val av lokalitet?

*Denne tomten er valt fordi den ligg riktig i forhold til etablering av reinseanlegg på Manger med tanke på høgde forhold og pris. Det har vore gjennomført eit forprosjekt på moglege plasseringar av reinseanlegget og dette har vore oppe til politisk behandling.*

**Planlagt framdrift:**

Frist for innlevering av tilbod	08.09.2017
Evaluering og innstilling	Veke 37/38 -2017
Klagefrist	Veke 39/40 – 2017
Kontraktssinngåing	Veke 40 - 2017
Oppstart	Ca veke 41 - 2017
Ferdigstilling av plan til første gangsutsegn	Årskiftet 2017/2018

Med vennleg helsing,  
Ingrid Didriksen  
Prosjektleder

E-post: [ingrid.didriksen@radoy.kommune.no](mailto:ingrid.didriksen@radoy.kommune.no)  
Telefon: 56 34 90 51

